

Lindås Høgre v/ May-Eva Sandvik

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3748 - 15/36002

Saksbehandlar:
Astrid Aarhus Byrknes
ordforar@lindas.kommune.no

Dato:
25.11.2015

Interpellasjon til ko 26.11.2015

Innleiing:

Europa og Norge har for tida store utfordringar knytt til auke i talet på flykningar og asylsøkjjarar. Alle kommunane i Norge er blitt oppmoda av styresmaktene til å ta eit ekstra ansvar for å ta imot dei som kjem til landet, og situasjonen er prekær. I den offentlege debatten blir det brukt mange ulike begrep i forhold til dei behova som har oppstått. Det blir mellom anna snakka om akuttmottak, varige asylmottak og busetting av flykningar. Det er viktig at vi har ei felles forståing av desse begrepa før vi svarar på dei konkrete spørsmåla i interpellasjonen.

Lindås kommune har tatt på seg eit ansvar for å busetje flykningar som har fått varig opphald i landet, altså der asylsøknad er ferdig handsama. For å sikre ei god busetting og integrering av desse flyktingane, skal kommunen utarbeide ein konkret handlingsplan. Prosjektmandat for denne planen kjem til politisk handsaming i desember. Det er også kome ei oppmoding frå Fylkesmannen, datert 20.11.15, om å busetje fleire flykningar i perioden 2016 – 2019, enn det kommunen allereie har gjort vedtak om. Denne oppmodinga vil bli tatt med i arbeidet med handlingsplanen.

Når det gjeld den krevjande situasjonen med den store straumen av asylsøkjjarar, er det andre løysingar styremaktene har bedt kommunane om. Lindås kommune har fått konkret førespurnad frå Fylkesmannen om kommunen har lokalar for store akuttmottak. Det vil seie lokalar som kan ta inntil 1000 personar og der opphaldet varar ein kort periode. Kommunen har meldt tilbake at ein ikkje har eigne bygg til dette føremålet, men at det kanskje står ledige industribygg som kan tilpassast. Eit anna behov er varige asylmottak for mindreårige, slik det er tenkt på Lune Huler. Dette er mottak for mindreårige som ventar på handsaminga av asylsøknaden. Det er UDI som har ansvar for slike mottak og dei lyser ut anbod til aktuelle driftsselskap og huseigarar. Kontraktane er på 3 år med opsjon på 3 år til. Det er også mulig for kommunen å drive slike mottak, slik UDI har oppfordra kommunane gjennom eit brev datert 17.11.15. Dette brevet er sendt ut til kommunestyret. Kommunen har tatt på seg ei aktiv rolle knytt til busetting av flykningar som har fått varig opphald. Skal kommunen ta på seg ei aktiv rolle utover dette, til dømes med drift av asylmottak, må det avklarast gjennom ein politisk prosess. Det blir lagt opp til ein gjennomgang og orientering i formannskapsmøtet 3. desember.

1. Kva strategiar har Lindås kommune for å være driftsoperatør for asylmottak?

Svar: Lindås kommune har mottatt eit brev frå UDI med oppmoding til å drive mottak i



- offentleg regi. Kommunen har foreløpig ikkje tatt stilling til å om ein skal ta på seg ei slik rolle, dette må avklarast gjennom ein politisk prosess.
2. Har Lindås kommune lokalar som kan nyttast til dette formålet?
Svar: Det er ikkje gjort noko konkret vurdering om Lindås har eigna lokalar som kan nyttast til asylmottak.
 3. I media les ein om at det i andre kommunar vert nytta til dømes idrettshallar til nemnde formål, det dette aktuelt i Lindås kommune?
Svar: I tilbakemelding til Fylkesmannen har administrasjonen meldt at det ikkje vil vere aktuelt å bruke Nordhordlandshallen og Lindåshallen til akuttmottak, då dei er i kontinuerlig bruk til fritidsaktiviteter og aktivitetar i skulen. Utover det har ikkje kommunen bygningsmasse som kan vere aktuelt for eit stort akuttmottak.
 4. I tilfelle det vert oppretta offentlege mottak, kan ein antyda kor mange asylsøklarar kan me ta i mot?
Svar: Det er ikkje kommunen som vurderer kor mange asylsøklarar eit mottak kan ta. I tillegg kjem det an på kva type mottak det er snakk om og kor store lokalar ein har til disposisjon.
 5. Er det oppretta kontakt med frivillige lag og organisasjonar i kommunen om eit samarbeid?
Svar: I arbeidet med busetting av flyktningar vil samarbeid med frivillige lag og organisasjonar vere viktig, noko ein også legg opp til gjennom handlingsplanen som blir laga. Mange lag og organisasjonar har tatt kontakt med ønskje om å vere med på integreringsarbeidet. Det er til dømes innleia samarbeid med Røde Kors og NBK om å etablere nye måtar for integrering og inkludering. Det er også på gong fleire nye tiltak som «språkkafe» og «lån ein innbyggjar» på biblioteket, samt «Røde Kors Ut på Tur i Nordhordland».
 6. Det er frå media (ordførar) komme fram at det er mange familiar som ynskjer å huse både flyktningar og asylantar. Korleis går ein fram for å få dette til?
Svar: Gjennom handlingsplanen for busetting av flyktningar vil det vere ei eiga arbeidsgruppe som skal jobbe med sjølve bustadsituasjonen. Det er naturleg å adressere innspel frå innbyggjarar via dette planarbeidet. Det er mange som har meldt si interesse og det er tatt hand av bustadkontor og NAV.
 7. FO vart i haust informert om mulig asylmottak på Lune Huler på Vågseidet. Er Lindås kommune kjent med om mottaket vert realisert?
Svar: Lune Huler og Norsk Mottaksdrift AS har sendt inn eit anbod til UDI om drift av varig mottak for mindreårige. Anbodet er til handsaming i UDI. Kommunen har ikkje mottatt tilbakemelding frå UDI om prosessen.
 8. Dersom det vert privat mottak på Lune Huler og i tillegg mulighet for offentlege mottak, kva strategiar har kommunen for lovpålagte oppgåver innan til dømes helse og oppvekst?
Svar: Gjennom handlingsplanen for busetting av flyktningar er det lagt opp til å etablere tverrfaglege grupper som skal ivareta alle oppgåver innafor til dømes helse og oppvekst. Viss det blir oppretta ulike asylmottak, vil kommunen også ha eit ansvar for å levere ulike tenester. Fagområda i kommunen er i gang med å vurdere situasjonen og konsekvensane for

tenesteproduksjonen. Om det blir aktuelt med asylmottak vil kommunen ha tett dialog med mottaket.

9. Og til slutt vedk flyktingar: Er det pr dd ledige kommunale bustader?

Svar: Ja, det er ledige kommunale bustadar som kan nyttast til flyktingar. I tillegg får kommunen mange tilbod frå privatpersonar om leige.

Med helsing

Astrid Aarhus Byrknes
ordfører

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Lindås Høgre v/ May-Eva Sandvik